

## Oppdraget vårt

Grunnen til at vi finst og det vi jobbar for å levere på kvar dag

**Visjonen vår** **Saman trygger vi framtida for menneske, dyr og natur**

- Vi jobbar for å**
- sikre helsemessig trygg mat og trygt drikkevatt
  - fremje god helse hos planter, fisk og landdyr
  - fremje god dyrevelferd og respekt for dyr
  - fremje helse, kvalitet og forbrukaromsyn
  - vareta miljøvennleg produksjon

Vi skal vareta omsynet til aktørane langs produksjonskjeda, medrekna marknadstilgangen.

## Identiteten vår

Korleis vi opptre og møter målgruppene

### Hjelparen

Vi har ei tydeleg og seriøs grunnstemme som offentleg myndigheit, samstundes som vi er ein vennleg rettleiar og hjelpar. Vi trur på at dei fleste vil følge regelverket, og det skal vi legge til rette for.

### Rollene våre

Vi leverer på samfunnsoppdraget vårt gjennom å vere både direktorat og tilsyn. I møte med brukarane våre har vi tre hovudroller:

**Rettleiar** **Myndigheitsutøvar** **Beredskapsaktør**

## Ambisjonane våre

Dei langsiktige ambisjonane vi har satt oss for å levere på oppdraget vårt

### Enklare å gjere rett

Vi hjelper verksemdar og innbyggjarar til å gjere rett og følge regelverket. Slik gjer vi det enklare å produsere og omsette trygg mat og å behandle dyr godt.

### Kunnskapsbasert og målretta

Vi kjenner interessentane våre og jobbar datadrive. Slik blir innsatsen vår meir kunnskapsbasert og målretta.

### Eitt lag

Vi har ein skapande og lærande kultur og samarbeider med næringar og offentlege aktørar. Slik blir vi eitt lag som arbeider godt saman.

## Verdiane våre

Løfta vi gir til brukarane og målgruppene og korleis vi ønsker å bli oppfatta

### Tydeleg

**Vi** kommuniserer klart, tydeleg og forståeleg. Vi jobbar saman som eit samordna tilsyn og har ei felles forståing av oppdraget vårt, slik at brukarane våre opplever oss som føreseielege. I media har vi ei tydeleg og proaktiv stemme, og vi er relevante i samfunnsdebatten.

### Open

**Vi** møter brukarane våre med eit ope sinn og er audmjuke for deira kunnskap og erfaring. Vi er nysgjerrige på samfunnsutviklinga og samarbeider med andre etatar for å utvikle dei beste tenestene for brukarane. Vi legg til rette for innsyn i kva vi gjer og korleis vi jobbar.

### Løysingsorientert

**Vi** legg til rette med forståeleg reglar, praktiske løysingar, god rettleiing og eit formålsorientert tilsyn. Vi er proaktive og inviterer brukarane våre til dialog og medverking når vi utviklar tenester og regelverk. Vi gir folk svara dei treng før dei treng dei.

### Kompetent

**Vi** har god innsikt i brukarane sine behov og tar deira perspektiv når vi utviklar reglar og tenester. Alt vi gjer, skal vere basert på oppdatert kunnskap og praktisk kompetanse, i samarbeid med næringar og kunnskapsstøtter.